

# Årsmøte i MRFL 10/4-16, Skei/Surnadal

Velkommen v/Leikny Aasen

Musikalsk innslag v/Vidar Underseth

## 1) Registrering av deltakarar med stemmerett

- Vedtak:

Følgande medlemslag er representert: 7 lag, manglar Havella

Antal deltakarar med stemmerett:  $11 + 2 = 13$

Antal observatørar utan stemmerett: 2

## 2) Godkjenning av innkalling og sakliste

- Vedtatt godkjent av årsmøtelyden

## 3) Velje møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen

- Møteleiar: Per Kåre Rørhus
- Referent: Runhild Heggem
- Protokoll: May Grethe Gridset og Mathilde Øverland

## 4) Godkjenne styret sitt framlegg til årsmelding og rekneskap

### Årsmelding:

#### 1. Om M & R Folkemusikklag

«Laget skal gi ut Folkemusikkbladet to gonger i året» Kommentar: det bør enten reviderast i vedtektene, eller faktisk byrje med å aktivt gi ut eit folkemusikkblad → Dette er ein jobb for det nye styret!

#### 2. Medlemsskap

Ved innmelding til FolkOrg ta kontakt med Jorun Hagen på kontoret i FolkOrg. Ho har ansvaret for alle medlemmane.

Er Ålesund Spelemannslag medlem i fylkeslaget i FolkOrg? → Dette er ei oppgåve for det nye styret og opprette ein kontakt igjen.

#### 3. Organisasjon

Omskriving av det som står der berre: «*Dei fleste møta har vore telefonmøte*»

#### 4. Aktivitetar

Kommentar frå årsmøtelyden: Styret bør sende ut meir eksakt om kva som foregår på mail! (Arkivet har allereie det)

Dette er vanskeleg, med å ha oppdaterte addresselister.

- ➔ Til leiarane: Meld inn addressane til alle i sitt respektive lag, slik at alle kan få oppdaterte lister heile tida.
- ➔ Facebook: Folkemusikk i Møre og Romsdal
- ➔ Runhild informerte om at ho deltok på dommarkurset i dans, som einaste representant frå fylket.
- ➔ Årsmøte til FolkOrg: Runhild var også med i Oslo, som utsending frå Nordmøre Spelmannslag.

#### Samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen:

- Korleis skal kunnskapen og rapporten brukast?
- Målsetjinga ved starten var heilt anna enn det som vart til slutt.
  - ➔ Vi ønskja oss opphavleg ei moglegheit for oppretting av ei stilling.
  - ➔ I dag: Knutepunkt (25. april møte mellom NUMØR og MRFL og arkivet, samarbeidsmøte nr 2)
  - ➔ fortsatt er det ikkje heilt konkretisert kva dette prosjektet skal munne ut i (Møremusikarordning? Kvar vert det av den?)
- Rekrutteringa som treng støtte, ikkje dei profesjonelle (?) BEGGE
  - ➔ Det er det som er tanken ved Møremusikar og -dansar ordninga. Styrke det lokale! Alle laga må komme med innspel til prosjekt, kurs, rekrutteringsarbeid og konsertar (Knutepunkt!!) – Sjå gjennom rapporten (Oppgåve til det nye styret: Sende ut ein ny e-post med rapporten)
  - ➔ også samarbeid med kulturskulane!! (Dette er eit stort fylke, med mange kommunar innafor regionane – då treng ein samarbeid!)
- Kontaktmøte med frivillige organisasjonar – 19/11-15  
MRFL har fått driftstilskot på 100 000,- for 2016  
(Rapporten for 2015 må skrivast før vi kan få neste! 12 000,- (?))
  - ➔ vi er inne i ein fast 3-årig tilskotsordning, frå og med 2016 (på 100 000,- per år) – Dette er bekrefta, både munnleg og skriftleg!

- Styret gjer nødvendige skriftlege rettingar, og årsmelding er vedtatt .

#### Rekneskap:

- Lite aktivitet i fylkeslaget
- Resultat underskot: 966,65,-
- Kvar vart det av dei pengane vi skulle få i fjor frå fylkeskommunen?
  - ➔ Oppgåve for det nye styret: Sjekk opp kva som skjer hos fylkeskommunen!
  - ➔ Skriv det som ei fotnote i balansen
- Storkurset vart avlyst grunna altfor få påmelde
  - ➔ dårleg kommunikasjon og samarbeid med andre organisasjonar i fylket! (Knutepunkt!)
- MRFL eig tre instrument som står på 3,- i rekneskapet, dei er utlånt til kulturskular og er i bruk (vi må hugse på at vi har dei, difor dei tre kronene!)
- Vedtak: Styret snakkar med fylkeskommunen og rekneskapet er vedtatt

## 5) Budsjett

- Budsjett: vedlegg til, to utkast, skrivarstillinga i søknaden
  - Budsjett med skrivar på 25 % stilling går ut. Den med 50 % står igjen.
  - Laga før nyttår, det får gå som det går
  - Inntekter: midlar som vi kan få → Styret treng ein skrivar som kan skrive søknader! Søknadskrivning tek alt for lang tid!

*(Guttorm Ulvund må gå frå møtet – ein mindre stemmeberettiga)*

- Kommentar frå årsmøtelyden:  
Budsjettet = eventyrforteljing → er dette eit seriøst budsjett? Vi skal gå frå ein aktivitet som tilsvarar kanskje 10 000, til over 400 000,-
  - Andre tilskot? Kva er det? 12 750,-
  - La budsjettet stå slik det er? Og skrive det opp på nytt for neste år? – taktisk for søkinga av støtte.
  - Årsmøtelyden gir føring om at vi ikkje skal fjerne tilskota  
→ Dei vil at det nye styret skal sende ut revidert budsjett til orientering, då det er ferdig.  
→ Ei forslag som kom fram, er å kalle inn til ekstraordinært årsmøte i november/desember for å sette opp eit budsjett for 2017. Slik at eit heilt kvartal av året er gått, før nytt budsjett blir satt.
- Vedtak: Årsmøtelyden gir styret fullmakt til å revidere budsjettet, med forventning om at det blir sendt ut til alle laga for gjennomlesing og godkjenning.

## 6) Fastsetje lags- og medlemskontigent

- Vedtak: Årsmøtet beslutter at lags- og medlemskontigent forblir uendra kr 600 per lag, og kr 60 for vaksne medlemmar og kr 30 for born.

## 7) Val

- Forslag ligg framme for årsmøtelyden på papir

Leiar	Hanne M. Salthammer	1 år
Faste styremedlemmar	Ola M. Vestavik	Ikkje på val, 1 år igjen
	Nina Byttingsmyr	2 år
	Kristiane Runde	2 år
	Leikny Aasen	1 år
Varamedlemmar	Anna L. S. Gjendem	1 år
	Runhild Heggem	1 år
Revisorar	Dag Søvik	1 år
	Peder Hønsvik	1 år
Valkomité	May-Grethe Gridset	1 år
	Guttorm Ulvund	1 år

Vedtak: alle vart vald med akklamasjon

- Styret skal oppfordre Daniel om å komme med eit tredje medlem til valkomiteen
- Styret konstituerer seg sjølv
- Kanskje ein i styret har spesielt ansvar for nettsida?
- Valkomiteen sitt framlegg vart vedteke utan endringar

*(Daniel Dyrnes måtte gå frå møtet – ein mindre stemmeberettiga)*

## **8) Val av styrerepresentant og vararepresentant til Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal (Generalforsamling i 2016, fjerde kvart år)**

- Vedtak: Vald med akklamasjon

Styremedlem	Nina Byttingsmyr	2 år
Varamedlem	Hanne M. Salthammer	2 år

## **9) Handsame andre saker som er tekne opp av styret eller lokallaga og som ligg innanfor føremålet for organisasjonen**

(Ingen innkomne saker)

- Kommentar frå årsmøtelyden angående samarbeid i fylket:  
Det er kollidering kvart år med eit stort korpsstemne. Det er faktisk ungdommar som spelar både i korps og spelemannslag. Dette er ei viktig sak som inngår under Knutepunkt-samarbeidet. Alle organisasjonar i heile fylket, som jobbar med kultur, må samarbeide! (Kulturskular, musikkskular, korps, ungdomslaga og spelemannslaga, det er heilt sikkert fleire døme på samarbeidspartnarar.)

Referent: 13.04.16, Runhild Heggem

Protokoll godkjent av:

Dato/Signatur (møteleiar):

Dato/Signatur:

Dato/Signatur:

# Årsmelding 2015

## Møre og Romsdal Folkemusikklag

---



### 1. Om Møre og Romsdal Folkemusikklag

Møre og Romsdal Folkemusikklag skal arbeide for å fremje interessa for folkemusikk og folkedans. Laget skal dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, vokal folkemusikk og dans.

Fylkeslaget skal:

- Samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen
- leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga
- medverke til å skipe nye lag og drive opplærings- og kursverksemd
- i samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter
- syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år
- drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivets verksemd
- laget skal gi ut Folkemusikkbladet to gonger i året

### 2. Medlemsskap

Alle spelemannslaga i fylket som er med i FolkOrg, er medlemmer av fylkeslaget.

#### 2.1 Medlemslag:

- Nordmøre Spelmannslag
- Romsdal Spelemannslag
- Rauma Spelmannslag
- Spelemannslaget Dâm og Drag
- Grendalaget
- Hardingfelelaget UL Ivar Aasen
- Spelemannslaget Havella
- Valldal Spelemannslag

Samla antal medlemmar i Møre og Romsdal Folkemusikklag 2015: 200

#### 2.2 Kontingent

Medlemskontingent for 2015 har for lagsmedlemsskap vore kr 600. Medlemsskap vaksen kr 60 og medlemsskap born kr 30.

### 3. Organisasjon

#### 3.1 Konstituering av styret i 2015

Leiar:	Leikny Aasen - Hardingfelelaget UL Ivar Aasen
Nestleiar:	Runhild Heggem - Nordmøre Spelmannslag
Styremedlem:	Guttorm R. Ulvund - Romsdal Spelemannslag
	Hanne Moldver Salthammer - Spelemannslaget Dâm og Drag
	Ola Vestavik - Spelemannslaget Havella
Vara:	Kine Iselilja Gyldenskog - Nordmøre Spelemannslag
	Anna Liv Skjelten Gjendem - Spelemannslaget Dâm og Drag

Styret vart vald på laget sitt årsmøte 12. april.



Bilete 1: Styret i 2015, Runhild Heggem, Ola M. Vestavik, Hanne Salthammer, Leikny Aasen, Guttorm Ulvund

### 3.2 Styret sitt arbeid

Guttorm Ulvund har vore laget sin kassarar.  
Leikny Aasen har vore bidragsførar og søknadsansvarlig.  
Hanne Salthammer har vore skrivar.

Styret har hatt 7 møter og behandla 32 saker i 2015.  
Det fleste møta er gjennomført per telefon.

### 3.3 Andre tillitsverv

Revisor: Dag Sjøvik (Rauma Spelmannslag) og Peder Hønsvik (Nordmøre Spelmannslag)

Valkomite: Mathilde Øverland (Spelemannslaget Dâm og Drag) og May-Grethe Gridset (Rauma Spelmannslag)

Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal: Valt representant for MRFL i styret til Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal: Hans Lefdal (Ørsta) - Valgt for fire år i 2012.

### 3.4 Kommunikasjon og informasjonsarbeid

- **Heimesider**

Laget har egne heimesider. [www.folkemusikklag.no](http://www.folkemusikklag.no). Denne sida driftast av medlemmar av styret med god hjelp av Anna på folkemusikkarkivet. Her blir det også stadig publisert artiklar frå tidligare redaktør av Folkemusikkbladet, Dagfinn Nupen.

- **Facebook**

Folkemusikklaget har også høve til å publisere på facebook via sida «Folkemusikk i Møre og Romsdal» som i hovudsak er drifta av folkemusikkarkivet.

- **Nyhendebrev**

Leiaren har også sendt ut nyhendebrev direkte til medlemmane via epostlister distribuert av FolkOrg.

## 4. Aktivitetar i 2015

### 4.1 Årsmøte

Årsmøtet vart halde under fylkeskappleiken i Tresfjord, før tevlinga søndags morgon 12. april.

### 4.2 Tevlingar

- **Fylkeskappleik**

Årets fylkeskappleik vart arrangert 11-12. april 2015 i Tresfjord og arrangør var Spelemannslaget Dâm og Drag. Arrangementet varte over to dagar og det deltok omlag 250 aktørar frå heile fylket, samt nokre frå nabofylket.

- **Vandrepremiar**

MRFL etablerte nye vandrepremiar for klassene dans og spel til fylkeskappleiken i 2015, to tretiner (bilete 2) frå treskjærar og rosemålar Gunnar Bø i Innfjorden. Britt Elise Skram vann premien i klasse spel mens danseprenien vart delt mellom to dansepar. Anna Liv S. Gjendem og Svein Oskar Smogeli fikk same poengsum som Leikny Aasen og Vidar Underseth og begge para fikk



soleis ein napp i premien. Kine Iselilja Gyldenskog vart i 2015 eigar av vandrepremie for vokal folkemusikk etter at ho vann vandrepremien for tredje gong.

- **Sjokoladekapleik**

Styret planla at det skulle gjennomførast Sjokoladekapleik hausten 2015. Det var derimot vanskeleg å få på plass arrangør til dette arrangementet til rett tid. Det vart etterkvart beslutta å flytte arrangementet til januar 2016. Sjokoladekapleiken vart gjennomført 30. januar i Tresfjord med Spelemannslaget Dâm og Drag som arrangør.

#### 4.3 Kurs

- **Tradisjonskurs.**

Styret har sidan årsmøtet 2015 arbeida med å få i stand ei tradisjonskurs i eigen regi etter same mal som «Sjokoladekurs» i Ålesund i 2014. Kurset er planlagt som eit to-dagars kurs med overnatting. Laget hadde planlagt med tilsaman åtte instruktørar og omlag seks ulike kurstilbod retta inn mot utøvarar fom. 10 år. Det vart difor søkt på gâve- og kursmidlar for kurs planlagt i (februar) 2016. Kurset i februar vart avlyst og styret må freiste å sette opp tilsvarande kurs i løpet av året 2016.

- **Dommarkurs.**

Styret vedtok i august 2015 at vi vil gi ein litan økonomisk stønad til medlemmar som deltek på dommarkurs. Maksbeløp har styret sett til kr 1000. Leiaren informerte om dette vedtaket i informasjonsepost til medlemmane i august 2016.

#### 4.4 FolkOrg

- **Årsmøtet til FolkOrg**

FolkOrg sitt årsmøte vart halde i Oslo 25. og 26. april 2015. Leikny Aasen deltok som utsending frå MRFL mens Hanne Salthammer deltok som utsending fra Spelemannslaget Dâm og Drag. Dagfinn Nupen deltok som observatør på årsmøtet og æresgjest på kveldsarrangementet til FolkOrg.

- **Møte for områdelaga.**

Fredag 24. april deltok både Leikny og Hanne på eit eige møte for områdelaga. FolkOrg v/lagskontakt Marit Vestrum har dei siste hatt ein særskild fokus på områdelaga og ønsker å hjelpe dei med arbeidet deira. Dialogmøta gjennom FolkOrg er svært viktig for områdelaga, for her gjenstår framleis mykje arbeid i høve organisasjonsutvikling. Samarbeidet som Møre og Romsdal Folkemusikklag no har fått etablert med MR fylkeskommune blir fulgt godt med på i den samanhengen.



*Bilete 3: Møte for områdelaga i FolkOrg. Tema organisasjonsutvikling*

#### 4.5 Møre og Romsdal Fylkeskommune

- **Samarbeidsprosjekt med Møre og Romsdal fylkeskommune – styrking av folkemusikken**

Kulturavdelinga til Møre og Romsdal fylkeskommune starta opp eit kartleggingsprosjekt i 2014 med tanke på å få ein status for folkemusikk og –dans i fylket. MRFL representerte spelemannslaga i denne samanhengen. Dette resulterte i ein evalueringsrapport og eit framlegg til vedtak til kultur- og folkehelseutvalet. I februar 2015 vedtok fylkespolitikarane følgjande innstilling:

1. Kultur- og folkehelseutvalet tek evalueringsrapporten til vitande.
2. Kultur- og folkehelseutvalet er positiv til folkemusikk- og folkedansmiljøet sitt ønske om å etablere eit knutepunkt i Møre og Romsdal innan folkemusikk og folkedans.
3. Det blir etablert eit treårig utviklingsprosjekt for feltet, med mål om framtidig etablering av eit knutepunkt for folkemusikken og folkedansen i Møre og Romsdal. Som del av prosjektet kan ein lyse ut prosjekt-/engasjementstillingar som mørefolkedansar og mørefolkemusikar.
4. Prosjektet skal vise om og korleis Møremusikarordninga kan medverke til å styrke profesjonelle folkemusikarar og folkedansarar sin arbeidssituasjon i fylket.
5. Prosjektet skal vurdere Folkemusikkarkivet sin plass i høve til eit slikt knutepunktet.
6. Det er ein føresetnad at behova til dei frivillige organisasjonane innan feltet står sentralt i prosjektet.
7. Prosjektet blir leia av fylkeskommunen, og sentrale aktørar innan arkiv, bibliotek, museum og kulturskular bør vere med, anten som prosjektmedlemmar eller i referansegrupper.
8. Prosjektet blir finansiert av kulturtilskot i 2015 (ymseposten) inntil kr 500 000 og innarbeidd i Handlingsprogram for Kultur i 2016, 2017 og 2018. Samla ramme for prosjektet er på 3 millionar kroner. Driftstilskot til Folkemusikkarkivet kjem i tillegg.»

Styret v/leiareren har i heile hausten 2015 jobba aktivt opp mot kulturavdelinga for å få finansiering av eit knutepunkt som beskrive i vedtaket over.

- **Kontaktmøte med frivillige organisasjonar – 19. november 2015**

Fylkeskommunen inviterte frivillige organisasjonar til kontaktmøte for å få innspel til og ønskje om prioriteringar for fylkeskommunale tilstotsmidlar. Lekny, Anna og Hanne deltok alle på dette møtet.



# Regnskap 2015

## for

# Møre og Romsdal Folkemusikklag

Innhold:	Side
Resultat	2
Balanse	3
Noter til regnskapet	4
Resultat, kort avdelingsvis oversikt	5
Resultat, avd. Folkemusikklaget	6
Resultat, avd. Folkemusikkbladet	7
Resultat, avd. Sjokoladekurs	8
Saldobalanse	9
Reskontrooversikt for Kundefordringer	12
Reskontrooversikt for Leverandørgjeld	13
Hovedbok	14
Dagbok	18

i arkiv

# RESULTAT 2015

Møre og Romsdal Folkemusikklag

04.03.2016 / 31.12.2015 11:59

	Res-2015	Bud-2015	Res-2014
<b><u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u></b>			
3000 Kontingent medlemslag	4.800,00-	6.000,00-	6.000,00-
3002 Kontingentrefusjon frå FolkOrg	11.145,00-	16.000,00-	15.776,00-
3110 Tilskot Rff - små og raske midle	0,00	8.000,00-	8.000,00-
3111 Tilskot Rff - prosjektmidler	0,00	10.000,00-	5.000,00-
3112 Gullkorn Sparebanken Møre Gavemi	0,00	10.000,00-	10.000,00-
3113 Tilskot KOMP Norsk Musikkråd	0,00		10.000,00-
3130 Tilskot frå Møre og Romsdal Fylk	0,00	80.000,00-	10.000,00-
3190 Andre inntekter/tilskudd	600,00-		240,00-
3431 Abonnementsinntekt	0,00		1.720,00-
3491 Kursavgift Sjokoladekurs	0,00	8.000,00-	6.000,00-
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>16.545,00-</b>	<b>138.000,00-</b>	<b>72.736,00-</b>
<b><u>LØNSKOSTNAD</u></b>			
5000 Lønn skrivar	0,00	30.000,00	
5100 Lærarlønn skattefri	0,00	30.000,00	22.500,00
<b>SUM LØNSKOSTNAD</b>		<b>60.000,00</b>	<b>22.500,00</b>
<b><u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u></b>			
6300 Lokalleie	0,00	10.000,00	
6700 Rekneskapskostnad	1.710,00	2.000,00	1.545,00
6800 Kontorrekvisita	0,00	3.500,00	
6820 Trykking Folkemusikkbladet	0,00		12.965,00
6940 Porto Folkemusikkbladet	0,00		1.118,00
6941 Porto	329,00	2.000,00	
7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	0,00	5.000,00	126,00
7160 Diettkostnader, ikke oppgaveplik	0,00	1.500,00	
7170 Reiseutlegg	2.901,00	15.000,00	11.526,90
7320 Annonser	0,00	5.000,00	
7321 Heimeside www.folkemusikklag.no	2.180,00	2.500,00	2.195,00
7322 Tilskot "Favoritten vår"	0,00		2.550,00
7420 Tilskot til kappleikar	0,00	10.000,00	10.000,00
7421 Gaver	4.000,00	8.000,00	2.260,00
7500 Forsikringspremier	495,00	500,00	470,00
7600 Møtekostnader	2.560,00	4.000,00	2.785,00
7770 Bank- og kortgebyr	21,50	100,00	
7790 Diverse kostnader	135,00	8.900,00	1.727,00
7830 Tap på fordringer	3.200,00		
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>17.531,50</b>	<b>78.000,00</b>	<b>49.267,90</b>
<b>KOSTNADER</b>	<b>17.531,50</b>	<b>138.000,00</b>	<b>71.767,90</b>
<b><u>FINANSIELLE POSTER</u></b>			
8050 Renteinntekter	19,85-		30,84-
<b>SUM FINANSIELLE POSTER</b>	<b>19,85-</b>		<b>30,84-</b>
<b>RESULTAT (Underskudd)</b>	<b>966,65</b>	<b>0,00</b>	<b>998,94-</b>

REVIDERT 8/3-16 Dag Seigle  
26/3-16

## BALANSE 2015

Møre og Romsdal Folkemusikklag

04.03.2016 / 31.12.2015 11:59

	2015	2014
<b><u>EIENDELER</u></b>		
1210 Instrument	3,00	3,00
1500 Kundefordringer	470,00	46.240,00
1920 Bank 6562.05.16613	45.908,56	26.802,71
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>46.381,56</b>	<b>73.045,71</b>
<b><u>EGENKAPITAL OG GJELD</u></b>		
2050 Annen egenkapital	42.348,21-	42.348,21-
2400 Leverandørgjeld	5.000,00-	30.697,50-
Ikke disponert resultat for 2015	966,65	
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>46.381,56-</b>	<b>73.045,71-</b>

# NOTER 2015

## RESULTAT 2015

Møre og Romsdal Folkemusikklag

04.03.2016 / 31.12.2015 11:59

	<i>Res-2015</i>	<i>Bud-2015</i>	<i>Res-2014</i>
Folkemusikklaget	5.314,65	0,00	16.831,16
Folkemusikkbladet	3.748,00-		2.547,00-
Sjokoladekurs	600,00-		15.283,10-
<b>SAMLET RESULTAT (Underskudd)</b>	966,65	0,00	998,94-

# RESULTAT 2015

Møre og Romsdal Folkemusikklag

04.03.2016 / 31.12.2015 11:59

## Avd. 100, Folkemusikklaget

	Res-2015	Bud-2015	Res-2014
<b><u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u></b>			
3000 Kontingent medlemslag	4.800,00-	6.000,00-	6.000,00-
3002 Kontingentrefusjon frå FolkOrg	0,00	16.000,00-	
3110 Tilskot Rff - små og raske midle	0,00	8.000,00-	8.000,00-
3111 Tilskot Rff - prosjektmidler	0,00	10.000,00-	
3112 Gullkorn Sparebanken Møre Gavemi	0,00	10.000,00-	
3130 Tilskot frå Møre og Romsdal Fylk	0,00	80.000,00-	
3491 Kursavgift Sjokoladekurs	0,00	8.000,00-	
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>4.800,00-</b>	<b>138.000,00-</b>	<b>14.000,00-</b>
<b><u>LØNNSKOSTNAD</u></b>			
5000 Lønn skriver	0,00	30.000,00	
5100 Lærarlønn skattefri	0,00	30.000,00	
<b>SUM LØNNSKOSTNAD</b>		<b>60.000,00</b>	
<b><u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u></b>			
6300 Lokalleie	0,00	10.000,00	
6700 Rekneskapskostnad	1.710,00	2.000,00	1.545,00
6800 Kontorrekvisita	0,00	3.500,00	
6941 Porto	329,00	2.000,00	
7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	0,00	5.000,00	
7160 Diettkostnader, ikke oppgaveplik	0,00	1.500,00	
7170 Reiseutlegg	1.704,00	15.000,00	7.830,00
7320 Annonser	0,00	5.000,00	
7321 Heimeside www.folkemusikklag.no	2.180,00	2.500,00	2.195,00
7322 Tilskot "Favoritten vår"	0,00		2.550,00
7420 Tilskot til kappleikar	0,00	10.000,00	10.000,00
7421 Gaver	1.000,00	8.000,00	2.260,00
7500 Forsikringspremier	495,00	500,00	470,00
7600 Møtekostnader	2.560,00	4.000,00	2.785,00
7770 Bank- og kortgebyr	21,50	100,00	
7790 Diverse kostnader	135,00	8.900,00	1.227,00
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>10.134,50</b>	<b>78.000,00</b>	<b>30.862,00</b>
<b>KOSTNADER</b>	<b>10.134,50</b>	<b>138.000,00</b>	<b>30.862,00</b>
<b><u>FINANSIELLE POSTER</u></b>			
8050 Renteinntekter	19,85-		30,84-
<b>SUM FINANSIELLE POSTER</b>	<b>19,85-</b>		<b>30,84-</b>
<b>RESULTAT (Underskudd)</b>	<b>5.314,65</b>	<b>0,00</b>	<b>16.831,16</b>

# RESULTAT 2015

Møre og Romsdal Folkemusikklag

04.03.2016 / 31.12.2015 11:59

## Avd. 200, Folkemusikkbladet

	<i>Res-2015</i>	<i>Bud-2015</i>	<i>Res-2014</i>
<b><u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u></b>			
3002 Kontingentrefusjon frå FolkOrg	11.145,00-		15.776,00-
3190 Andre inntekter/tilskudd	0,00		240,00-
3431 Abonnementsinntekt	0,00		1.720,00-
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>11.145,00-</b>		<b>17.736,00-</b>
<b><u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u></b>			
6820 Trykking Folkemusikkbladet	0,00		12.965,00
6940 Porto Folkemusikkbladet	0,00		1.118,00
7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	0,00		126,00
7170 Reiseutlegg	1.197,00		480,00
7421 Gaver	3.000,00		
7790 Diverse kostnader	0,00		500,00
7830 Tap på fordringer	3.200,00		
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>7.397,00</b>		<b>15.189,00</b>
<b>RESULTAT (Overskudd)</b>	<b>3.748,00-</b>	<b>0,00</b>	<b>2.547,00-</b>

# RESULTAT 2015

Møre og Romsdal Folkemusikklag

04.03.2016 / 31.12.2015 11:59

## Avd. 300, Sjokoladekurs

	<i>Res-2015</i>	<i>Bud-2015</i>	<i>Res-2014</i>
<b><u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u></b>			
3111 Tilskot Rff - prosjektmidler	0,00		5.000,00-
3112 Gullkorn Sparebanken Møre Gavemi	0,00		10.000,00-
3113 Tilskot KOMP Norsk Musikkråd	0,00		10.000,00-
3130 Tilskot frå Møre og Romsdal Fylk	0,00		10.000,00-
3190 Andre inntekter/tilskudd	600,00-		
3491 Kursavgift Sjokoladekurs	0,00		6.000,00-
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>600,00-</b>		<b>41.000,00-</b>
<b><u>LØNSKOSTNAD</u></b>			
5100 Lærarlønn skattefri	0,00		22.500,00
<b>SUM LØNSKOSTNAD</b>			<b>22.500,00</b>
<b><u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u></b>			
7170 Reiseutlegg	0,00		3.216,90
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>			<b>3.216,90</b>
<b>KOSTNADER</b>			<b>25.716,90</b>
<b>RESULTAT (Overskudd)</b>	<b>600,00-</b>	<b>0,00</b>	<b>15.283,10-</b>